



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
Administrasjonen

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Ref. 12/1143

Vår ref. 12/3227-4  
Q50/HELB

Dato 15.09.2012

## HØRINGUTTALELSE TIL PARKERINGSLOVEN

Viser til mottatt høringsbrev vedrørende utkast til lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering. Hovedutvalg for samferdsel i Telemark fylkeskommune har i møte 3.09.2012 anbefalt følgende høringsuttalelse til parkeringsloven:

***Telemark fylkeskommune støtter forslag til ny parkeringslov da kommunane vil få eit større handlingsrom til å utvikle sin parkeringspolitikk.***

***Telemark fylkeskommune meiner at dette er ei naturleg oppfølging av nasjonale, regionale og kommunale mål om å auke andelen som brukar miljøvenleg transport.***

***Telemark fylkeskommune vil påpeike at det er viktig at kommunanes parkeringspolitikk sjåast i tett samanheng med andre verkemiddel som satsing på kollektivtransport, gåing og sykling, og ei arealutvikling som legger godt til rette for miljøvennlig transport.***

Saken er sendt vidare til fylkesutvalget som skal sluttbehandle høringsuttalelsen i møte den 2.10.2012. Endelig vedtak ettersendes.

Med hilsen

Birgitte Hellstrøm  
rådgiver - Avdeling for areal og transport  
birgitte.hellstrom@t-fk.no

Vedlegg:

1. Saksprotokoll fra hovedutvalg for samferdsel 3.09.2012
2. Saksframlegg

## Saksprotokoll

---

**Utval:** Hovudutval for samferdsel  
**Møtedato:** 03.09.2012  
**Sak nr:** 40/12

---

### Resultat:

**Arkivsak:** 12/3227  
**Tittel:** SAKSPROTOKOLL - HØYRINGSUTTALE - UTKAST TIL LOV OM KOMMUNALT PÅLEGG OM BETALINGSPARKERING (PARKERINGSLOVEN)

### Tilråding i Hovudutval for samferdsel

*Telemark fylkeskommune støttar forslag til ny parkeringslov da kommunane vil få eit større handlingsrom til å utvikle sin parkeringspolitikk.*

*Telemark fylkeskommune meiner at dette er ei naturleg oppfølging av nasjonale, regionale og kommunale mål om å auke andelen som brukar miljøvenleg transport.*

*Telemark fylkeskommune vil påpeike at det er viktig at kommunanes parkeringspolitikk sjåast i tett samheng med andre verkemiddel som satsing på kollektivtransport, gåing og sykling, og ei arealutvikling som legger godt til rette for miljøvennlig transport.*

### Behandlinga i Hovudutval for samferdsel

Frode Bakken foreslo på vegne av AP, SV og Sp følgjande:

“En bør vurdere mulighetene for avgiftsfritak eller avgiftsreduksjon for elbiler og hybridbiler på linje med §8.a i Forskrift om offentlig parkering”.

Forslaget ble seneret rullet av Frode Bakken.

Edvard Mæland foreslo på vegne av H og Frp følgjande:

“Hovudutval for samferdsel i Telemark fylkeskommune går i mot forslaget om innføring av betalingsplikt for parkering på private parkeringsplasser. Lovforslaget er eit drastisk inngrep i eigedomsretten og den private forretningsdrift.

Forslaget vil for eksempel ramme småbarnsforeldre som er avhengig av bruk av privatbil for å kunne levere barn i barnehage når dei er på veg til jobben”.

### Votering:

Forslaget frå Mæland falt med 4 stemmer – 7 stemte for forslaget frå Fylkesrådmannen.

## SAKSFRAMLEGG

### ***HØYRINGSUTTALE - UTKAST TIL LOV OM KOMMUNALT PÅLEGG OM BETALINGSPARKERING (PARKERINGSLOVEN)***

Arkivsaksnr.: 12/3227  
Arkivkode: Q50  
Saksbehandlar: Birgitte Hellstrøm  
Behandling i:  
Hovudutval for samferdsel  
Fylkesutvalet

#### **Forslag frå fylkesrådmannen**

*Telemark fylkeskommune støttar forslag til ny parkeringslov da kommunane vil få eit større handlingsrom til å utvikle sin parkeringspolitikk.*

*Telemark fylkeskommune meiner at dette er ei naturleg oppfølging av nasjonale, regionale og kommunale mål om å auke andelen som brukar miljøvenleg transport.*

*Telemark fylkeskommune vil påpeike at det er viktig at kommunanes parkeringspolitikk sjåast i tett samanheng med andre verkemiddel som satsing på kollektivtransport, gåing og sykling, og ei arealutvikling som legger godt til rette for miljøvennlig transport.*

#### **Problemstillinga i få ord**

Med bakgrunn i Nasjonal transportplan (2010-2019) har Samferdselsdepartementet utarbeida forslag til lov om kommunalt pålegg om betalingsparkering (parkeringsloven). Lovforslaget har til hensikt å bidra til ein lokalt forankra og heilskapleg trafikk- og miljøpolitikk. Det vil vere opp til kommunane sjølve å avgjere om og i kva grad verkemiddelet skal brukas. Forslaget vil i følgje samferdselsdepartementet vere viktig for å redusere personbiltrafikken. Dette for å betre det lokale bymiljøet, betre framkomme for kollektivtrafikk, syklistar og gåande, og redusere CO<sub>2</sub>-utslippene og lokal luftforureining.

Lovforslaget er sendt på offentlig høyring med uttalefrist 15.09, og denne saka er fylkeskommunen sin uttale.

#### **Saksopplysningar**

##### *Bakgrunn for lovforslaget*

Samferdselsdepartementet syner til at trafikk med motorvogn, og særleg personbiltrafikk, er hovudårsaka til lokal luftforureining og fører i tillegg til støy og redusert framkomme for fotgjengarar, syklistar og kollektivtransport. Vidare visar dei til at trafikk med motorvogn brukar betydelige areal i byar og tettstader og reduserer kvaliteten på det visuelle miljøet. Eksisterande forskning tilseier at ein riktig utforma parkeringsregulering både kan vere eit alternativ og eit tillegg til kjøprising, og at private parkeringsplasser må omfattast dersom

det skal ha god verknad. I dag har kommunane ingen effektive verkemiddel til å innføre betalingsparkering på privat grunn. Samferdselsdepartementet har derfor utarbeidd eit lovforslag som utvidar kommunenes moglegheit til å innføre betalingsparkering.

Samferdselsdepartementet viser og til forslag til Nasjonal Transportplan 2014-2023 der målet er at kollektivtrafikk, gåing og sykling skal ta hand om trafikkveksten i byane framover. Restriksjonar på bilbruk vil vere nødvendige tiltak i samanheng med andre areal- og transporttiltak.

#### *Lovforslagets hovudinnhald*

Målet med lovforslaget er å redusere trafikk med motorvogn. Parkeringsregulering skal fungere saman med andre verkemiddel som for eksempel køprising/tidsdifferensierte bompengesatsar, utbygging av kollektivnettet og tilrettelegging for fotgjengarar og syklistar. Forslaget er først og fremst et bypolitisk virkemiddel.

Med bakgrunn i lovens formål seier Samferdselsdepartementet at det og er viktig at kommunane søker å oppnå ein heilskapleg parkeringsregulering. Kommunane vil vidare innafor funksjonelle regionar kunne samarbeide om utforming av ein felles parkeringspolitikk. Dette arbeidet vil kunne samordnas med regionale planprosesser og interkommunalt plansamarbeid etter plan- og bygningsloven.

Kommunane vil etter forslaget gis moglegheit til å vedta at det innafor eit nærmare avgrensa område berre skal vere parkering mot betaling. Samferdselsdepartementet meiner at dette ikkje skal redusere grunneigarars moglegheit til å utnytte et parkeringsareal økonomisk så lenge minimumskrava frå kommunens følgjes. Råderetten over en eigedom skal ikkje reduserast utover det som er av trafikk- og miljømessige omsyn.

Kommunalt pålegg om innføring av betalingsplikt skal i følgje lovforslaget som hovudregel gjelde alle private og offentlege areal som lovleg brukast til parkering. Det er likevel ei rekkje unntak, til dømes skal det ikkje kunne omfatte parkering på bolig- eller fritidseigedom, parkering på bensinstasjon eller eigedom med ti parkeringsplasser eller mindre, parkering for funksjonshemma og parkering for elbiler og hydrogenbiler med fleire.

Kommunale parkeringsvedtak kan både omfatte areal som er allment tilgjengelege, til dømes eit parkeringsanlegg på eit kjøpesenter, og areal for ein eigen personkrets, til dømes parkering som ein arbeidsgivar tilbyr dei tilsette.

Parkeringspålegget skal i følgje lovforslaget fastsette minimumsstørrelsen på avgifta, og kan innehalde krav om til dømes øvre grense for gratis parkeringstid, øvre grense for total parkeringstid og ulike tidspunkt.

Samferdselsdepartementet påpeikar at kommunalt parkeringspålegg bare kan brukast dersom dette er egna til å redusere trafikk med motorvogn. Vedtaket kan heller ikkje vere meir inngripande enn det som er nødvendig for å ivareta dette omsynet, og det geografiske verkeområde må derfor avgrensast samsvar med lovens formål.

Lovforslaget inneheld eit forbod mot å refundere betalt parkeringsavgift ved direkte utbetaling, rabattar, verdikupongar eller på annan måte.

Kommunen skal kunne føre tilsyn med at kommunale vedtaket etter denne loven følgjas opp.

### *Forholdet til grunnloven, EØS-avtalen og folkeretten*

Etter departementets vurdering vil lovforslaget ikkje kunne medføre erstatningsansvar for det offentlige. Forslaget er etter departementets syn heller ikkje i strid med Grunnloven, EØS-avtalen eller Norges andre folkerettslige pliktar.

### *Utredningsplikt*

I følge Samferdselsdepartementet må kommunen greie ut saken grundig nok til å kunne avgjere om vedtaket er egna til å redusere trafikk med motorvogn og om parkeringsvilkåra er meir inngripande enn det som er nødvendig for å ivareta dette omsynet.

I tillegg bør forslaget innehalde ein oversikt over den samla trafikkbelastninga, dei forventa trafikk- og miljømessige verknadene av forskrifta og dei forventa verknadene for næringslivet.

## **Vurdering frå fylkesrådmannen**

Parkeringsregulering er eit komplekst verkemiddel for kommunane som blant anna har til hensikt å redusere kø- og miljøproblem i byområde, og bidra til eit attraktivt bymiljø. Dette lovforslaget gir kommunane betre moglegheit enn tidligare til å oppnå like forhold innafor et geografisk avgrensa område. Dette vil kunne gjøre kommunanes parkeringspolitikk til eit sterkare verkemiddel for å oppnå berekraftig byutvikling. Parkeringsregulering må sjåas i tett samanheng med andre verkemiddel som satsing på kollektivtransport, gåing og sykling, og ein arealutvikling som legger godt til rette for miljøvennlig transport til fordel for personbil.

Fylkesrådmannen meiner at lovforslaget er ei naturleg oppfølging av tilrådingar i ulike rapporter som er referert i høyringsutkastet og nasjonal transportplan (2010-19) og i nytt forslag (2014-23).

Det er svært viktig at kommunane sjølve skal vurdere behov, greie ut omfanget og vurdere konsekvensane før dei eventuelt vel å bruke dette verkemiddelet. Fylkesrådmannen vil påpeike at det i dag er svært krevjande for kommunane å få til ein parkeringspolitikk som har god effekt, og at det og med det nye verkemiddelet fortsatt vil vere ein utfordrande oppgåve. Fylkesrådmannen ser det imidlertid som vesentleg at det kommunale handlingsrommet utvidas.

Fylkeskommunen vil med sine ansvarsområde ha ei viktig rolle i samarbeid med kommunane og andre aktørar å planlegge og utføre dei nødvendige areal- og transportiltaka som skal til for å redusere trafikk og auke andelen som går, sykklar eller nyttar kollektivtransport. Bystrategi Grenland er eit døme på eit sentralt samarbeid i denne samanheng, kor det over lang tid har vore arbeidd med felles parkeringspolitikk.

Med bakgrunn i dette tilrår fylkesrådmannen forslaget til ny parkeringslov.